UNDER MJØLKESKOGEN

Eit spel for røyster
Av Dylan Thomas

Tekstgrunnlag:
Under Milk Wood
The Definitive Edition
Phoenix Fiction, London, 1995.

[Stille]

FØRSTE RØYSTA [Særs lågt]

1 *For å byrja med byrjinga*:

Da er vår og månelaus natt over den litla bygda, stjernelaus og bibelsvart, brusteinsvegen teier og kjærleiks- og hareskogen lutar og haltar usynleg ned mot ein slåpesvart slåpa svart kråkesvart fiskebåtvoggande sjø. Husa er blinde som flaggermus [sjølv om flaggermusene ser godt i natt, i glattsnuta fløyelsleier] eller blind som Kaptein Katten ved den stumme midten attmed vasspumpa og klokketårnet, butikkane er sørgjeleg mørke og Grendahuset iført enkeslør. Alle folk i den lulla og forstumma bygda søv no.

Hysj, barna søv, bøndene, fiskarane, kjøpmennene og pensjonistane, skomakaren, læraren, postmannen og skjenkaren, gravferdsmannen og tøyta, fylliken, skreddaren, emissæren, lensmannen, dei symjeføta fjærekjerringane og dei gode hustruene. Unge jenter søv mjuklegne eller skrid i draumane sine med ringar og kvit lin, brureføIgt av sankthansormar ned midtskipet i ein orgelbrusande skog. Gutane drøymar omsynslaust eller om yre nattemarker og sjørøversjøar. Utskorne hestefigurar søv i

hagane, kyrne i båsane, hundar på naseblaute gardsplassar; og kattar kviler i skakke kroker eller smyger slue på taka og rispar og klorar i skyene.

Du kan høyra doggen fell og bygda anda stilt.

Berre auga dine er opne og ser ei svart og samankropen bygd i djup og høg svevn.

Og du åleine kan høyra da usynlega stjernaskotet, da mørkasta førgryet, den doggdrysta rørsla nede på den svarte, palefylte sjøen kor Aretusa, Storspova, Songlerka, Zanzibar, Freya, Pilgrimen, Skarven og Nordsjøstjerna rir og duvar.

Høyr. Natta dreg med seg vinden langs vegane i eit langsamt tog, musikalsk og salt, i Kroningsvegen og på Skjelstien. Natta er graset som gror i Ødanipåsen, doggfallet, stjernefallet, fuglane som søv i Mjølkeskogen.

Høyr. Natta kneler i kalde kyrkja, med salmar og bombasinsvarte hattar og brosjer, strupande halssmykke og sirleg knytte skolisser, natta hostar som geiter, sug kamferdrops og høneblundar halleluja; natta i ølstova er tyst som ei dominobrikke; på Åge Mjølkemann sitt loft som ei mus med hanskar på; i Audun Brødet sitt bakeri flyg ho som svart mjøl. Natta taslar bortetter Krøtervegen på skjelsand og skifer, klauvene stilna med tang, forbi gardinene med bregnepotter, broderi og nips, husorgel, tallerkenhyller, handmåla akvarellar, porselenshundar og rosemåla kaffibrett. Natta duvar om barnedynene.

Sjå. Natta snor seg mållaus og kongeleg bortetter kirsebærtrea i Kroningsvegen; dreg andektige vindar gjennom kyrkjegarden kor dogga blottar hovudet; tumlar kring Sjøfararen.

Tida går. Høyr. Tida går.

Kom nærare no.

Berre du kan høyra at husa attmed vegane søv i natta, ei langsam djup og salt og stille inntulla svart natt. Berre du kan sjå inn i dei formørkte soveromma, sjå underbukser og underkjolar over stolane, mugger og fat, glasa med tenner i, Du-Skal-Ikkje og gulna bilete av fuglestirande daudingar på veggen. Berre du kan høyra og sjå bakanfor auga til dei som

søv, rørslene og landa og flokane og fargene og vonbrota og regnbogane og songane og lengtane og fluktene og falla og fortvilingane og dei store hava i draumane deira.

Dar kor du er, kan du høyra draumane deira.

Kaptein Katten, pensjonert og blind sjøkaptein, søv i køya si, i den besta skjelforma flaskeskipa skipelege lugaren i huset Skonnerten, og drøymar om

2 uhorvelege sjøar høgare enn dei som brast over S.S. Tvennøyro og som bryt

over sengetøyet og glasmanetglatt syg han salt og djupt mot krakemørkret kor fiskane et han opp og bit til beinet og dreg ranglet ned til dei for lengst drukna som smyg seg tett inntil han.

FØRSTE DRUKNA

Hugsar du meg, kaptein?

KAPTEIN KATTEN

Du er Danse-Vilhelm!

FØRSTE DRUKNA

Eg mista fotfestet i Nantucket.

ANDRE DRUKNA

Ser du meg, kaptein? Dei kvite beina som snakkar? Eg er Tom-Fred donkeymann… me delte same jente ein gong… ho heitte fru Robertsen…

KVINNERØYST

Rosa Robertsen, Gåsegangen trettitre. Kom an igjen, gutar, eg er daud.

TREDJE DRUKNA

Hitover, kaptein, eg er Jonas Jervell, eg fekk ein skrekkeleg ende, grådig gøy…

FJERDE DRUKNA

Alfred Apeltun Jonsen, kranglefant og fødd på Barmen, song som ein sisik, krona deg hardt med ein seidel, tatovert med havfruer, tørst som eit anker, døydde av byllar…

FØRSTE DRUKNA

Denne skalla her ved øyreholet ditt er

FEMTE DRUKNA

Krølle Evensen. Fortel tanta mi da var eg som pantsette da gylna uret.

KAPTEIN KATTEN

Ai ai, Krølle.

ANDRE DRUKNA

Fortell kona mi at eg aldri

TREDJE DRUKNA

Eg gjorde aldri da ho sa eg aldri…

FJERDE DRUKNA

Jau, da gjorde dei.

FEMTE DRUKNA

Og kem har med kokosnøtter og sjal og papegøyar til *mi* Linda no?

FØRSTE DRUKNA

Korleis går da dar oppe?

ANDRE DRUKNA

Finst da dram og tangsuppe?

TREDJE DRUKNA

Runde bryst og raudstrupar?

FJERDE DRUKNA

Trekkspel?

FEMTE DRUKNA

Klokkespel?

FØRSTE DRUKNA

Slåssing og lauk?

ANDRE DRUKNA

Og sporvar og tusenfryd?

TREDJE DRUKNA

Yngel på sylteglas?

FJERDE DRUKNA

Kinnemjølk og fuglehundar?

FEMTE DRUKNA

Byssa byssa badne?

FØRSTE DRUKNA

Klesvask på snora?

ANDRE DRUKNA

Og dei gamle jentene i kosekroken?

TREDJE DRUKNA

Korleis går da med tenorane på Opsanger?

FJERDE DRUKNA

Kem mjølker kyrne på Fagereng?

FEMTE DRUKNA

Har ho smilehol når ho ler?

FØRSTE DRUKNA

Ka luktar persille som?

KAPTEIN KATTEN

Å, mine dyrebare daudingar!

1 Dar kor du er, kan du høyra frå Skjelstien, i denne vårleg månelause natta, at

frøken Priis, sydame og innehavar av sukkertøysbutikken, drøymar om

2 elskaren hennar, høg som eit kyrkjetårn, med sirupsgyllen mane, kolossale lår og

hylande heit med torebass og rurskjelbryst, at han veiver opp muslingar med blåselampeauge og skyflar lågt over hennar einsame kjærleikskåre varmeflaska kropp.

HERR EDVARDSEN

Møyfrid Priis!

FRØKEN YRSTAD

Herr Kattmar Edvardsen!

HERR EDVARDSEN

Eg er ein kjærleiksgalen kleshandlar. Eg elskar deg meir enn all flanellette og kaliko, chenille, dreiel, strie og merino, tussahsilke, kretong, musselin, poplin, bolster og tvill frå allverdsens Tekstilutsal. Eg har kome for å ta deg med til mitt litla stormagasin på åsen, kor vekslinga kling i kassa. Kast av deg nattsokkane og strikkejakka, eg skal varma lakena som ein brødrister og liggje attmed deg som ei søndagssteik.

FRØKEN YRSTAD

Eg skal strikka deg ei lommebok i forgløym-eg-ei-blå, slik at pengane dine har da godt. Eg skal varma hjartet ditt ved elden, slik at du kan stikke da inn under helsetrøya etter stengjetid.

HERR EDVARDSEN

Møyfrid, mi Møyfrid, før musa har gnege hol i nedste skuffa di skal du seia

FRØKEN YRSTAD

Ja Kattmar, ja, Kattmar, ja ja ja…

HERR EDVARDSEN

Og alle kasseapparata i heile bygda skal klinga til bryllaupet vårt .

[Lyden av kasseapparat og kyrkjeklokker]

1 Kom no, driv med mørkret, gå dei drivande sjømørke vegane i mørke natta,

opp og ned som sjøen, heilt til da bibelsvarta lufttomma loftet over verkstaden til skomakar Petter Svarte, dar han søv åleine og brutalt i ei nattskjorte knytt rundt anklane med gummistrikk, og drøymar om

2 å jaga dei kåte para nedetter den grasgrøne djevelske uekte ektesengsskogen,

å pryla drankarane rundt i spytt og sagmugg på Sjøfararen, å driva bort dei frekke

halvnakne jentene på laurdagsdansen frå mareritta hans…

PETTER SVARTE [høgt]

Å fysjameg! Å fysjameg

1 Jens Dauding, gravferdsmannen,

JENS DAUDING

ler høgt og kraftig i svevnen sin og krøllar tærne, medan han vaknar femti år tidligare, og ser at snøen ligg djupt i gåsehagen bak da døsande huset; han spring ut i hagen kor mora hans lagar bollar i snøen og han stel ein handfull snøflokar og korintar og han klatrar opp att i senga for å ete da kaldt og søtt under dei varme kvite kleda, medan mora dansar i snøkjøket og klagar høglydt over dei tapte korintane hennar.

Og i da litla rosavindauga huset ved sidan av gravferdsmannen, ligg dei heilt åleine, alle dei snorkande og vennlege eitt hundre og åtte kiloa til herr Valdemar, harefangar, barber, botanikar, kattedoktor, kvakksalvar, dei feite rosa hendene opne over kanten på sengeteppet, dei svarte støvlane står pene og pyntelege i vaskefatet, hatten på ein spiker over senga, ein myseøl og eit stykke brødpudding under puta; surklande i mørkret drøymar han om

MOR

Denne vesle grisen drog til byen
Denne vesle grisen vart i huset
Denne vesle grisen smakte steiken
Denne vesle grisen tømte kruset
Denne vesle grisen gjekk

LITEN GUT

nøff, nøff, nøff, nøff, nøff

MOR

heile vegen heim til

KONA [ropar]

Valdemar! Val-de-mar!

HERR VALDEMAR

Ja, Flora kjære?

KONA

Å, ka skal grannane seie, ka skal grannane…

FØRSTE GRANNE

Stakkars fru Valdemar

ANDRE GRANNE

Alt ho må stå ut med

FØRSTE GRANNE

Ho skulle aldri gifte seg

ANDRE GRANNE

Om ho ikkje måtte

FØRSTE GRANNE

Same som mor si

ANDRE GRANNE

Dar har du litt av ein husbond

FØRSTE GRANNE

Same som far sin

ANDRE GRANNE

Og du veit jo kor han enda opp

FØRSTE GRANNE

Ute på asylet

ANDRE GRANNE

Roper på mor si

FØRSTE GRANNE

Kvar laurdag

ANDRE GRANNE

Han er bra stutt i steget

FØRSTE GRANNE

Og berre driv på

ANDRE GRANNE

Med ho Beate Mauritzen

FØRSTE GRANNE

Oppi steinbrotet

ANDRE GRANNE

Og den ungen hennar

FØRSTE GRANNE

Med hans nase

ANDRE GRANNE

Å, hjartet mitt blør

FØRSTE GRANNE

Ka han ikkje gjer for eit glas

ANDRE GRANNE

Han selde trampeorglet

FØRSTE GRANNE

Og symaskina hennar

ANDRE GRANNE

Ramlar i steinrøysa

FØRSTE GRANNE

Snakkar til gateljoset

ANDRE GRANNE

Og han bannar

FØRSTE GRANNE

Syng i litlahuset

ANDRE GRANNE

Stakkars fru Valdemar

FRU VALDEMAR [gråtfull]

...Å, Valdemar, Valdemar!

HERR VALDEMAR

Hysj, mi kjære, hysj. Eg er enkjemann Valdemar no.

MOR

Valdemar, Val-de-mar!

LITEN GUT

Ja, mor?

MOR

Å, ka skal grannane seie, ka skal grannane…

TREDJE GRANNE

Svart som ein skorstein

FJERDE GRANNE

Ringer på dørklokkar

TREDJE GRANNE

Knuser vindauge

FJERDE GRANNE

Lager sølekaker

TREDJE GRANNE

Stel korintar

FJERDE GRANNE

Skriv med kritt overalt

TREDJE GRANNE

Såg han i buskane

FJERDE GRANNE

Skulkar skulen

TREDJE GRANNE

Send han i seng utan mat

FJERDE GRANNE

Gje han lakserolje og lås han inn i kottet

TREDJE GRANNE

Av garde til guteheimen

FJERDE GRANNE

Av garde til guteheimen

SAMAN

La han smake riset på r-v-n.

EI ANNA MOR

Valdemar, Val-de-mar! Ka er da du gjer med mi Mattea?

LITEN GUT

Gje meg eit kyss, Mattea Reinertsen.

LITA JENTE

Gje meg ein krone, då.

HERR VALDEMAR

Eg har berre ein femtiøring.

FØRSTE KONA

Lepper er ei krone.

PRESTEN

Vil du ha denne kvinna Mattea Reinertsen

ANDRE KONA

Dora Rudolfsen

TREDJE KONA

Effi Evensen

FJERDE KONA

Gully Myrholet

FEMTE KONA

Fru Ludders

KONA

Flora Kvitanes

PREST

Tek du denne kvinna som din falskefelle

LITEN GUT [skrik]

Nei, nei, nei!

No, i ei isfjellkvit heilagvaska krinolinernattkjole, under dydige arktiske laken, i da stivpynta grovkrubba støvavstøtanda soverommet hennar, i eit nett og plettfri Havly, eit hus for betalande gjestar, øvst i bygda, er fru Onarheim-Rikardsen, enke to gongar, av herr Onarheim, linoleum og pensjonert, og av herr Rikardsen, mislukka tippekommisjonær, som sinnsjuk av å kosta, moppa og skrubba, av lyden av støvsugaren og angen av pussemiddel, og ironisk nok svelgde desinfiserande, bivrar i hennar reinska svevn, vaknar ho i ein draum, dultar i sida på daude herr Onarheim, daude herr Rikardsen, kor dei skrømtar på kvar side av ho.

FRU ONARHEIM-RIKARDSEN

Herr Onarheim!

Herr Rikardsen!

Da på tide å inhalere balsamen dykkar.

HERR ONARHEIM

Å, fru Onarheim!

HERR RIKARDSEN

Å, fru Rikardsen!

FRU ONARHEIM-RIKARDSEN

Da er snart på tide å stå opp.

Sei ka oppgåver de har, i rekkjefølgje.

HERR ONARHEIM

Eg skal leggje pysjamasen min i skuffa merka pysjamas.

HERR RIKARDSEN

Eg skal ta meg eit kaldt bad for da er godt for meg.

HERR ONARHEIM

Eg skal ta på meg flanellsbandet mitt for å stogge isjiasen.

HERR RIKARDSEN

Eg skal kle på meg bak gardina og ta på meg forkledet mitt.

HERR ONARHEIM

Eg skal pusse nasen

FRU ONARHEIM-RIKARDSEN

i hagen, ver så snill

HERR ONARHEIM

i eit papirlommetørkle som eg brenn med ein gong.

HERR RIKARDSEN

Eg skal ta fruktsaltet mitt for da er naturens beste venn.

HERR ONARHEIM

Eg skal koke drikkevatnet på grunn av bakteriane.

HERR RIKARDSEN

Eg skal trekkje ein urtete fri for tannin

HERR ONARHEIM

og ete ein kolkjeks for da gjer meg godt.

HERR RIKARDSEN

Eg får røykje ein astmasigarett

FRU ONARHEIM-RIKARDSEN

i vedskjulet, ver så snill

HERR RIKARDSEN

og eg skal tørke støv i finstova og dusje kanarifuglen.

HERR ONARHEIM

Eg skal ta på meg gummihanskar og plukke lus av pekingesaren.

HERR RIKARDSEN

Eg skal tørke støv av rullegardina og så skal eg dra ho opp.

FRU ONARHEIM-RIKARDSEN

Og før du let sola inn, sjå til at ho tørkar godt av føtene sine.

Solfrid Egildsen hos slakter Egildsen, dotter, lærarinne, drøymar djupt om lekre minkar under ei flagrande haug av kyllingfjær i eit slaktarhus med tyllgardiner og stovemøbler, og ho finn, ikkje overraskande, at ein liten karsleg kar klar med ein buskete svans blunkar til ho frå ein pappkartong.

ORGEL SORGEL

Hjelp,

2 ropar Orgel Sorgel, organisten, i draumen sin,

ORGEL SORGEL

da er spetakkel og musikk på Kroningsvegen! Alt ektefolk kvekkjer som gjæser og spedbarn syng opera. Lensmann Attila Steine har drege fram batongen sin og spelar kadensar ved vasspumpa, bjøllekyrne frå Sundagsenga ter seg som reinsdyr, og på taket til Musikklaget, trampar Sanitetskvinnene i måneskinet i berre mamelukkane.

SOLFRID EGILDSEN

Endeleg, min elskling,

sukkar Solfrid Egildsen. Og den buskete svansen lograr frekt og raudhåra.

1 På sjøsida av bygda, søv herr og fru Gråten, taresankarane, stille som dauden,

side om rynka side, tannlause, salte og brune, lik to inntørka sardinar på boks.

Og høgt over bygda, på Saltsjøgarden, ligg herr Vemund Mormonar og tel dei hustrufjesa sauane heile natta gjennom, medan dei hoppar over gjerda på åsen, smilande og strikkande og brekande, akkurat som fru Mormonar.

VEMUND MORMONAR [Gjespar]

Trettifire, trettifem, trettiseks, førtiåtte, åttini…

FRU MORMONAR

Strikk ein slipp ein

Strikk to saman

Løft no masken over

[Fru Mormonar breker]

Åge Mjølkemann, svevndrukna i Strandvegen, tømmer mjølkespanna sine i Olvå,

ÅGE MJØLKEMANN [Kviskrar]

same ka da kostar,

og græt som ei gravferd.

2 Kai Ovesen, i huset ved sidan av, løfter ei mugge, men ingenting kjem ut av ho.

Han ristar mugga. Ho vert ein fisk. Han drikk fisken.

Lensmann Attila Steine

ATTILA STEINE

humpar ut av senga, upåverka av mørkret, tåkelurar støtt og dreg hjelmen fram frå under senga; men djupt bakanfor i den innestengte svevnen hans mumlar ein vond røyst,

EIN RØYST [mumlar]

Dette skal du få angre i morgon,

ATTILA STEINE

og han hiv og hoi seg til sengs att.

Hjelmen hans skvalpar i mørkret.

Postmann Måfå søv langsetter vegen og går to lange mil for å levere posten, som han gjer kvar dag om natta, medan han knakk-knakk-knakkar hardt og skarpt på fru Måfå.

FRU MÅFÅ

Ver så snill lærar, ikkje ris meg,

klynkar kona ved hans side, men kvar einaste natt i hennar gifte liv har ho alltid komen for seint til skulen.

1 Sinbad Sjøfarar i rommet over tappekrana i skjenkestova Sjøfararen, femnar

om den fuktige puta som i all løyndom heiter Solfrid Egildsen.

Ein mogul fangar Linn Vetlesen i eldhuset.

LINN VETLESEN

Å, du, din gamle mogul!

Fru Rosendal si eldste, Mai, skreller av den rosakvite huda si i ei smie i eit tårn i ei hòle i ein foss i ein skog og ventar som rå lauk på at den Rette skal kvervla opp dei høge hole bølgjene av brennande lauv som ein edelsteinaure.

MAI ROSENDAL [Sœrs nært og lågt, dreg ut orda]

Kall meg Victoria

Slik dei gjer i historia.

Åleine til ho døyr, Lisbet Storhove, budeie, født i fattigforsorga, luktar som fjøsen, snorkar bass og barsk på eit leie av strå på eit loft på Saltsjøgarden, plukkar ein bukett tusenfryd på Sundagsenga for å leggje på grava til Olav Adelhorn, som kyste ho ein gong ved grisebingen då ho ikkje såg seg for, og som aldri kyste ho igjen, sjølv om ho såg seg for kvar einaste dag.

Og Vondskapsinspektørane flyg ned og inn i draumen til slaktarfrua Kolbjørg Egildsen, og feller dommen over Slaktar Egildsen, som sel

SLAKTAR EGILDSEN

uglekjøtt, hundeauge, manneflesk.

2 Slaktar Egildsen, i blodige forklede, sjumilsspring nedetter Kroningsgata med ein finger i munnen, ikkje hans eigen. Andletet hans er uskuldig i svindlarsvevnen og han tek sin eigen draum ved nasen, og

SLAKTAR EGILDSEN

ridande på griseryggen skyt han ned ville innvolar.

ORGEL SORGEL [høgt og lavt]

Hjelp!

SOLFRID EGILDSEN [lavt]

Min lekre kjærast!

No, bak auga og løyndomane til drøymarane langs med vegane, vogga i svevn av sjøen, sjå på snop og skrot, knappar og glansbilete, skrammel og krims, oske og skorpar og flass og negleskav, spytt og snøflokar og felte draumefjær, boss og brislingar og skjel og fiskebein, kvalsaft og måneskin og steikasild servert av den skjulte sjøen.

1 Sjå uglene jagar over gravsteinane på kyrkjegarden, ei uler og sveiper brått ei

mus borte hos Hanna Steine, høgt elskte hustru. Og ved Kroningsgata, som berre du kan sjå no, for da er så mørkt no under himmelkvelvinga, dar snur han seg, diktaren og forkynnaren soknеprest Elias Jonsen i sin djupe daggrysvevn og drøymar om

SOKNEPREST ELIAS JONSEN

Landskappleiken.

2 I si sundslitne skaldepysjamas diktar han heile natta innvikla rim til klangen av harpar og feler, i eit øltelt beksvart av prestar.

1 Herr Hugen, overlærar, let som han søv i den tunge svevnen sin, skuler rundt

dusken av nattlua og

HERR HUGEN

psst!

varslar om

Mord.

Fru Sorgel, landhandlerske, samankropen som ein sjusovar, potane hennar i øyra, manar fram

FRU SORGEL

Lydløysa.

2 Ho søv søtt i ei vik av ull, og trompettruten til Orgel Sorgel ved hennar side snorkar

ikkje høgre enn ein edderkopp.

Mari Ann Sjøfarar drøymar om

MARI ANN SJØFARAR

Edens hage.

1 Ho kjem i kittel og klogger,

MARI ANN SJØFARAR

går på kalde skurte steingolvet med sundagsskulebilete på kvitvaska veggar og gardbrukaralmanakken hengt opp over slagbenken og fleskesider i kroker frå taket, ned skjelsandstien til eplepaikjøkkenhagen, dukkar under splinteklypene på klessnora, solbærbuskane dreg i forkledet hennar, forbi gulrotsenga og laukbedet og enno små tomatar mot veggen og ned til den gamle mannen som speler belgorgel i frukthagen, set seg i graset attmed han og pelar grøne ertebelgar i fanget på den doggvåte kjolen.

Langs Krøtervegen, festna i svevnen, sukkar Audun Brødet, Grynet Hoftekroken, Aslak Slask og Mester Bymand før gryet kjem og drøymar om

AUDUN BRØDET

Haremskvinner. Horisontale.

GRYNET HOFTEKROKEN

Spedbarn.

ASLAK SLASK

Ingenting.

MESTER BYMAND

Tikk takk tikk takk tikk takk.

Tida går. Høyr. Tida går. Ei ugle flyr heim forbi kyrkja og inn i sitt eige kapell i eika. Og daggryet veks nokre tommar.

[Eit klokkeslag i da fjerne, klangen varar svakt ved]

Stå her på åsen. Her er Ødanipåsen, gammal som gammalerik, høg, kjølig og grøn, og her frå denne litle steinsirkelen, ikkje ein frå urtida, men ein av Eigil Egildsen, slaktarsonen, her frå kan du sjå heile bygda under deg sove i gryinga.

RØYSTA AV EIN GUIDEBOK

Mindre enn femhundre sjeler bebor de tre skjeve gatene, de trange smugene og de spredte gårdene som utgjør dette lille og forfalte kyststedet, som sannelig kan kalles en «livets bakevje», uten egentlig å fornærme de innfødte som, til den dag i dag, besitter en nedsaltet egenart. Hovedgaten, Kroningsgaten, består for det meste av enkle to-etasjers hus, malte i skrikende farger i et forsøk på å friske opp stedets ytre, men det finnes noen få gamle hus igjen av viss interesse, selv om fraværet av vedlikehold er påfallende. Om det likevel skulle være lite å hente for friluftsmennesket, rekonvalesenten, sportsmannen eller helgeturisten, kan den innadvendte, hvis lysten er der til å bruke noen timer av sin fritid sådan, bese dette stedet med glatte brosteiner, dets gamle kai for fiskebåter og kystbåter, dets underlige tradisjoner og finne i møte med dets lokale «karakterer», noe av den pittoreske følelsen av fortiden, som så ofte mangler i byer og tettsteder som er mer i takt med tiden. Elven Olvå sies å være full av ørret, men tyvfiske tar det meste. Det eneste

gudshuset her, med sin forsømte kirkegård, er uten arkitektonisk interesse.

[Ein kråke skrik]

Himmelens herredøme ljosnar no over våre grøne åsar til ein vårmorgon full av lerker og kråker og klokker.

[Langsame klokkeslag]

Kem andre dreg i klokketauet enn blinde Kaptein Katten? Ein etter ein vert dei ringde ut av svevnen denne morgonen, som kvar einaste morgon. Snart skal du sjå dei langsame oskeflokane stige frå skorsteinane, samstundes som Kaptein Katten, iført kapteinslue og sjøstøvlar, forkynner i-dag med sin høglydte ut-av-senga-klokke.

2 *Sokneprest Elias Jonsen, i prestegarden, famlar ut av senga og inn i sitt prestesvarte, kjemmer sitt kvite skaldehår bakover, gløymer å vaske seg, tuslar berrføtt nedetter trappa, opnar ytterdøra, står i døropninga og ser utover dagen og oppetter den ævelege åsen, og høyrer sjøen bryte og fuglane skravle, hugsar sine eigne vers og leser dei mjukt til den tomme Kroningsgata som no står opp og dreg opp rullegardinene.*

SOKNEPREST ELIAS JONSEN

Vyrde Vestland! Eg veit då vel
At venare stader finst,
Fagrare nes og høgre fjell,
Grønare enger og inst

I friske skogar, skimrande,
Kor fuglar syng ljomande,
Står betre skaldar diktande
I morgonen skirande.

Folgefonna, sjå ljosstrimer,
Hardangerjøkulen strålar,
Jostedalsbreen glimer,
Storen rein venleik skrålar.

Kongen kvessa sverd i Solund
Før han seglde til England.
Men om Ødanip er i grunn
Ikkje sagt da litla grann .

Vosso, Opo, Ustekveikja,
Kinso er fagre alle,
Bjoreio skal fjorden smeikja,
Sjå Vøringsfossen falle.

Ekso, Tysso, Sima, Osa,
Flåmselvi er absolutt
Betre elvar, Gud, enn kor her
Olvå sildrar nokså stutt.

Mot Håkonshallen, kongars heim,
Er Hegreskjeret ein armod,
Litt brun sleip tang på ein stein,
Dar måsen skrik sitt avbod.

Eit kjerr er nok Mjølkeskogen
Mot trea på Evanger,

Men her kan eg spenna bogen
Og leva utan anger!

På Skjelstien, Krøterlia,
Står eg i grøne eimen,
Når Olvå klukkar sitt gloria,
Veit eg Ødanip er heimen.

Sokneprest Elias Jonsen lukkar ytterdøra. Hans morgonpreike er over.

[Langsame klokkeslag]

1 No, vaken til slutt av klokketårnet sitt kom-deg-ut-av-senga-Grynet-di-sjusovar

-og-sett-på-kjela, går fru Egildsen sin augestein, Linn Vetlesen ned trappa frå ein draum om ein kongeleg som heile natta lang tøysa skamlaust med ho i Mjølkeskogmørkret, og set på kjelen på komfyren i fru Egildsens kjøkken, og stirer på seg sjølv i slaktar Egildsens barberspegel over vasken, og ser:

LINN VETLESEN

Å, da var litt av eit hove!

Kvar fekk du håret frå?

Fekk da frå ein gammal katt.

Du bør nok gje da att, kjære

Å, for ei bust!

Kvar fekk du den nasen frå, Linn?

Fekk han av far min, dumma.

Du ber han jo opp ned!

Å, for ein snabb!

Sjå da fjeset!

Å nei, *du* skal sjå.

Her trengst mykje sminke.

Treng eit stort slør.

Å, for ei prakt!

Kvar fekk du da smilet frå, Linn?

Ikkje bry deg, jente.

Ingen elskar deg.

Da er da *du* trur.

Kem er da som elskar deg?

Vil ikkje seie.

Kom an, Linn.

Kors på halsen, då?

Kors på halsen.

Og varleg, leppene hennar rører nesten ved spegelbilete, andar ho namnet og doggar spegelen.

FRU EGILDSEN [Høgt, ovanfrå]

Linn!

LINN VETLESEN [Høgt]

Ja, frue.

FRU EGILDSEN

Kvar er kaffien min, jente?

LINNS VETLESEN

[Lågt] Kvar trur du? I kattesanden?

[Høgt] Eg kjem opp no, frue.

Herr Hugen, i skulehuset over vegen, bring opp morgonkaffien til fru Hugen, og kviskrar i trappa

HERR HUGEN

Her er arsenikken din, kjære. Og ugrasdreparkjeksen din. Eg har kvelt kanarifuglen din. Eg har spytta i vasane. Eg har lagt ost ved musehòla. Her er…

[Opnar den knirkande døra]

varm og god kaffi, kjære.

FRU HUGEN

For mykje sukker.

HERR HUGEN

Du har ikkje smakt han enno, kjære.

FRU HUGEN

For mykje mjølk, då. Har sokneprest Jonsen lest diktet sitt?

HERR HUGEN

Ja, kjære.

FRU HUGEN

Då er da på tide å stå opp. Gje meg brillene mine.

Nei, ikkje lesebrillene. Eg skal sjå ut. Eg må sjå.

2 Linn Vetlesen, augnesteinen, ligg på dei raude knea sine og skrubbar inngangstrappa.

Ho har stukke kjolen ned i underbroka – å, ka seier ikkje soga!

Lensmann Attila Steine, oksebrei og trampestøvla, stampar ut av Handjarnhuset i ein tung svart frakk, svartmuska under den svartlakka bremmen på den svarte lua si…

FRU HUGEN

No skal han arrestere Grynet Hoftekroken, da seier eg.

HERR HUGEN

For ka då, kjære?

FRU HUGEN

For at ho får ungar.

…og spankulerer ned mot stranda for å sjå om sjøen framleis er dar.

1 Mary Ann Sjøfarar opnar vindauget i soverommet over kroa på Sjøfararen

og rop ut mot himmelen

MARY ANN SJØFARAR

Eg er åttifem år tre månader og ein dag!

FRU HUGEN

Da skal ho ha, ho tek aldri feil.

Frå soverommet spelar Orgel Sorgel akkordar på vindaugskarmen for fiskemåsekonene som morgonkjeklar over Krøtervegen, og ser at

AUDUN BRØDET

eg, Audun Brødet, skundar meg til bakeriet, dreg i skjorteermene, knepper att vesten min, knappen sprettar, koffor kan dei ikkje sy dei fast, ikkje tid til frukost, ingenting til frukost, da skal konene ha…

FRU BRØDET EIN

Eg, Fru Brødet Ein, med hatt og sjal og utan gammalt snøreliv, godt å ha da lagomt, godt å ha da godt, klogger bortetter brusteinene for å mane fram ein granne. Å, kjære fru Sara, har du eit brød til overs? Audun Brødet gløymte brød til oss. For ein vakker morgon! Korleis går da med byllane dine denne morgonen? Er ikkje da godt nytt kan hende, kjekt å kunne sette seg ned, ikkje sant. Takk, fru Sara.

FRU BRØDET TO

Eg, Fru Brødet To, splintevakker i ein rød silkeunderkjole over knea mine, dei skitne, skjøne knea, sjå kroppen min gjennom underkjolen brun som nysteikt brød, høghæla sko med ein hæl

borte, skjelpaddekammen i da glinsande, eggande svarte håret mitt, ingenting anna på meg enn ein skvett godlukt, dovnar frodig i døropninga, fortel deg framtida di i kaffikoppen, plirer mot sola, tenner opp pipa mi.

MESTER BYMAND

Jeg, Mester Bymand, iført en gammal frakk efter Elias Jonsen og et par brukte postmannsbukser fra Sanitetsforeningen, springer nu ut døren for å tømme potten – ta deg i vare, splintepakk! – og springer derefter inn igjen, tikk takk.

ASLAK SLASK

Eg, Aslak Slask, er i ille lune inne i eldhuset.

FRØKEN YRSTAD

Eg, frøken Priis, i ein nett husmorkjole, snart ved klessnora, leikande lett som linerla, og så tripp-trapp att til egget mitt under eggevarmaren, til mine nyrista skivar, til mitt heimegjorde syltety og smørkulene mine.

GRYNET HOFTEKROKEN

Eg, Grynet Hoftekroken, under tørkestativet, gjer bryst til min skjønne, yngste unge her i hagen. Ingenting gror i hagen her, berre klesvasken. Og ungar. Og kor fedrane deira bor, undrar du? Over dei sju blånane. Sett du auga dine i meg no? Eg veit ka du tenkjer, du stakkars litle mjølkevesen. Du tenkjer, du er ikkje betre enn du må vera, Grynet, og da er godt nok for meg. Å, er ikkje livet ein frykteleg ting, gudskjelov?

[Ein einsleg lang, ljos tone frå eit kor av vestmannarøyster]

No spyttar steikepannene, kjelar og kattar mel i kjøkkena. Bygda luktar av tang og frukost heile vegen nedover, frå Havly, kor fru Onarheim-Rikardsen i kittel og turban, børstebudd mot støvet, pirkar i sitt glutenfrie brød og nippar til sitronskall-te, og heilt ned til Fjærebua, kor herr Valdemar med hatt og smekke slukar pyttipanne med sild og slurpar kaffidokter. Mary Ann Sjøfarar

MARY ANN SJØFARAR

prisar Gud for grauten.

Herr Hugen

HERR HUGEN

tenkjer på reagensglas medan han turnerar omeletten sin.

Fru Hugen

FRU HUGEN

masar om saltkaret.

Postmann Måfå

POSTMANN MÅFÅ

tømmer den siste mugga med svart kaffi og tumlar hjulbeint ut i den klukkande hagen kor sorgfulle høner hakkar i kaffiblaute brødbitar.

Fru Måfå

FRU MÅFÅ

fylt til randen av kaffi i dobbelthakene, fyller opp eit hissande heit blokksberg av kjelar på rekkje og rad, og er klar til å dampe opp all posten.

Sokneprest Elias Jonsen

SOKNEPREST ELIAS JONSEN

finn eit rim og dyppar blyanten i kakaoen sin.

Mester Bymand i sitt tikkande kjøkken

MESTER BYMAND

tripper fra klokke til klokke, et knippe nøyler til å trekke dem opp i den ene hånden, et fiskehode i den andre.

Kaptein Katten i byssa si

KAPTEIN KATTEN

blind og netthendt nyt fiskematen sin.

Herr og fru Kai Ovesen i deira eine Krøtervegsrom, som er soverom, stove, kjøkken og spiskammers, sit ned og et gårsdagens suppe, lauk kokt med skalet i kraft av poteter og flesk og langelauk og bein.

FRU OVESEN

Ser du den flekken på veggen ved bilete av tante Blomma? Dar kasta du sagosuppa.

[Kai Ovesen ler hjarteleg]

Da sakna berre ein tomme før du trefte meg.

KAI OVESEN

Eg skal alltid sakne tante Blomma.

FRU OVESEN

Hugsar du i går kveld? Inn rulla du, mannen min, full som ein alke med ein stor våt bøtte og ei åleteine med ølflasker og du såg på meg og du sa, "Gud har komen heim!" sa du, og over bøtta fór du, flaksa og baksa så flasker og ål fylte golvet.

KAI OVESEN

Skada eg meg?

FRU OVESEN

Og så tok du av deg buksa og sa, "Skal nokon ha seg ein på kjeften!" Å, du din apekatt.

KAI OVESEN

Gje meg eit kyss.

FRU KAI OVESEN

Og så song du "Millom bakkar og berg", tenor *og* bass.

KAI OVESEN

Eg syng *alltid* "Millom bakkar og berg".

FRU KAI OVESEN

Og så gjorde du ein liten dans på bordet.

KAI OVESEN

Gjorde eg?

FRU KAI OVESEN

Faen ta deg!

KAI OVESEN

Og ka gjorde eg då?

FRU KAI OVESEN

Då græt du som ein unge og sa du var ikkje meir enn ein stakkar full fattiggut, utan andre stader å gå enn til grava.

KAI OVESEN

Og ka gjorde eg etterpå, mi kjære?

FRU KAI OVESEN

Og så danste du på bordet ein gong til, og sa du var Kong Salomo Ovesen og at eg var din fru Saba.

KAI OVESEN [Lavt]

Og så?

FRU KAI OVESEN

Og så fekk eg deg i seng og du prusta heile natta som ein dampmaskin.

[Herr og fru Kai Ovesen ler hjarteleg saman]

Hjå Slaktar Egildsen i Kroningsgata sildra angen ut si ande av stekt lever og lauk. Og høyr! I den mørke spisestova bak butikken, sit herr og fru Egildsen servert av augnesteinen sin, og nyt, mellom tugga, deira kvarmorgons hurlumhei, og fru Egildsen slepp bruskbitane under hekleduken til den feite katta hennar.

[Katta mel]

FRU EGILDSEN

Ho liker lever, Kolbein.

SLAKTAR EGILDSEN

Da burde ho gjera, Kolbjørg. Ho tykte godt om bror sin.

FRU EGILDSEN [Skrik]

Å, høyrde du da, Linn?

LINN VETLESEN

Ja, frue.

FRU EGILDSEN

Me et pusekatt.

LINN VETLESEN

Ja, frue.

FRU EGILDSEN

Du, din kattemordar!

SLAKTAR EGILDSEN

Ikkje ver redd, han var bedøvd.

FRU EGILDSEN [Hysterisk]

Ka har da med noko å gjera?

SLAKTAR EGILDSEN

I går åt me mink.

FRU EGILDSEN

Å, Linn, Linn!

SLAKTAR EGILDSEN

Måndag mus. Tysdag rev.

LINN VETLESEN

Kom an, frue. Han er den største lygnaren her i bygda.

FRU EGILDSEN

Ikkje våg å seie slikt om Egildsen.

LINN VETLESEN

Alle veit korleis da er, frue.

FRU EGILDSEN

Egildsen lyg aldri. Gjer du vel, Kolbein?

SLAKTAR EGILDSEN

Nei, Kolbjørg. Og no går eg etter hundane med kjøttøksa mi.

FRU EGILDSEN

Åh, Linn, Linn!

Opp i gata, på Sjøfararen, står Sinbad Sjøfarar, barnebarnet til Mary Ann Sjøfarar, og skjenkar seg ein øl i den solljose skjenkestova. Skipsklokka på veggen seier halv tolv. Halv tolv er opningstid. Visarane på klokka har stått stille på halv tolv i femti år. Da er alltid opningstid på Sjøfararen.

SINBAD

Skål for deg, Sinbad.

Over heile bygda vert ungar og gamle gubbar vaskte og lagt i brotne vogner og trilla ut i sola, til steinlagde veger og skjelsandstiar eller ut i bakhagen, under dansande klestørk, og så forlatne. Ein unge skrik.

GAMMAL GUBBE

Eg vil ha pipa mi og han vil ha flaska si.

[Skuleklokka ring]

Nasane puste, hovuda plukte, håra kjemma, hendene skrubte, kinna fikte og ungane huia av garde til skulen.

[Barnerøyster, opp og ut]

2 Fiskarane klagar til garna sine. Aslak Slask går ut med jolla Zanzibar, legg årene i

gaflane, driv langsamt i den palefylte fjorden og ser opp på vårhimmelen, ligg på rygg mellom krabbeklør og samanfiltra liner på den dovne sjøen.

ASLAK SLASK [lågt og lat]

Eg veit ikkje kem som er dar oppe og eg bryr meg ikkje.

1 Han snur seg og ser opp mot Ødanipåsen, og ser blant grønstenka tre, kvite gardshus

strødd ut i da fjerne, kor gardsgutar plystrar, hundar gøyr, kyr rautar, men alt for langt borte til at han, eller du, kan høyra da. Og inne i bygda opnar butikkdørene knirkande. Herr Edvardsen i stivesnipp og stråhatt står i døropninga på Stoffmagasinet, augemåler dei forbifarande folka til polkabluser og likklede og stripa flanellsskjorter og hyler til seg sjølv, i mørkret bak auga sine:

HERR EDVARDSEN [kviskrar]

Eg elskar frøken Priis.

Dei sel sirup på postkontoret. På kaia stansar ein bil full av fjørkre og ein bonde. Mjølkespanna står på hjørnet av Kroningsgata som stutte lensmenn i sølv. Og ved da opne vindauget i Skonnerthuset, sit blinde Kaptein Katten og høyrer heile morgonen i bygda. Han høyrer barnerøyster og barneføter på brusteinen.

KAPTEIN KATTEN

Maggy Reinertsen, Mikkel Ris, Tommy Størksen, gode Salomon, litle Arnstein, Villy Sveinsjø med hunderøysta, ein av Valdemar sine, frekke Fritjof, Jonny med snuen… Kvar er Dikken sin Albert? og gutane frå Husnes? Kanskje har dei utslett igjen.

[Brått eit skrik frå ungeflokken]

Nokon slo Maggy Reinertsen. Veddar på at da var Villy Sveinsjø. Kan ikkje lite på ein gut som gøyr.

[Eit utbrot av klynkande gråt]

Rett enno ein gong! Da var Villy.

Barnerøystene skrik seg bortetter.

[Postmann Måfå knakk-knakk-knakkar på ei dør eit stykke borte]

Postmann Måfå bankar på i Havly. Knakk-knakk-knakkar han varleg. Dørhamaren har ein barnehanske trekt over seg. Kem har sendt brev til fru Onarheim-Rikardsen?

[Da knakk-knakk-knakkar ein gong til dar borte]

Varsamt no, ho bruker polere trappa blank. Kvart eit steg er som på såpe. Pass godt på begge dine førtisju storleiker. Den kjerringa ville smurt voks på plenen berre for at fuglane skal skli over ende.

POSTMANN MÅFÅ

God morgon, fru Onarheim-Rikardsen.

FRU ONARHEIM-RIKARDSEN

God morgon, postmann.

POSTMANN MÅFÅ

Her er eit brev til Dykk med adressert konvolutt og frimerke vedlagd, heilt frå Luster. Ein herremann ønsker å studere storskarvar her og kan han få husly for to veker og eit bad vegetarisk.

FRU ONARHEIM-RIKARDSEN

Nei.

POSTMANN MÅFÅ [Overtalande]

De ville ikkje ein gong merke at han er i huset, fru Onarheim-Rikardsen. Han dreg av garde om morgonen med brødsmular og kikkert i same smell som dagen gryr.

FRU ONARHEIM-RIKARDSEN

Og kjem att ka tid som helst dekt i fjør. Eg vil ikkje slike folk i mine *vene, pene* rom, pesande på stolane…

POSTMANN MÅFÅ

Kors på halsen, han kjem ikkje til å puste.

FRU ONARHEIM-RIKARDSEN

…og setje føtene sine på mine tepper og nyse på mitt porselen og sove i mine laken…

POSTMANN MÅFÅ

Han vil berre ha ein enkelseng, fru Onarheim-Rikardsen.

[Døra slamrar i]

KAPTEIN KATTEN [Lågt]

Og ho går attende til kjøkkenet, for å polere potetane.

Kaptein Katten høyrer Postmann Måfå trampe tungt på brusteinane langt borte.

KAPTEIN KATTEN

Ein, to, tre, fire, fem… han er hos fru Rosendal. Ka er da i dag? I dag får ho brev frå systera si i Godvik. Korleis har tvillingane da med tennene sine?

Han stansar ved skulehuset.

POSTMANN MÅFÅ

Morning, fru Hugen. Fru Onarheim-Rikardsen vil ikkje ha inn ein herremann frå Luster fordi han kjem til å sove i lakena hennar, fru Rosendal si syster i Godvik sine tvillingar må få dei ut…

FRU HUGEN

Gje meg pakka.

POSTMANN MÅFÅ

Ho er til *herr* Hugen, fru Hugen.

FRU HUGEN

Ikkje bry deg om da. Ka er inni ho?

POSTMANN MÅFÅ

Ei bok som heiter *Berømte Giftmorderes Liv*.

KAPTEIN KATTEN

Dar er Stoffmagasinet.

POSTMANN MÅFÅ

Morning, herr Edvardsen. Særs lite nytt. Fru Onarheim-Rikardsen vil ikkje ha skarvar i huset og herr Hugen har kjøpt ei bok om korleis han kan kverke fru Hugen.

HERR EDVARDSEN

Har du eit brev frå *ho*?

POSTMANN MÅFÅ

Frøken Priis elskar deg med heile sitt hjarte. Ho luktar lavendel i dag. Ho er nede i siste skvetten av hyllebærvinen, men morellmarmeladen klarer seg, og ho hekler små roser på brikkene sine. Sist veke selde ho tre glas kokte søtsaker, eit pund polkadrops, ein halv boks seigmenner og seks kolorerte postkort av Ødanip. Din for alltid. Og så tjueein små hjarte.

HERR EDVARDSEN

Å, Postmann Måfå, ho er ein rubin. Her er brevet mitt. Legg da i hendene hennar no.

[Postmann Måfå går bortetter vegen og kaptein Katten høyrer steg frå motsett retning kome nærare]

KAPTEIN KATTEN

Herr Valdemar skynder seg til Sjøfararen. Ein bokkøl med egg i.

[Lågt] Han får eit brev no.

POSTMANN MÅFÅ

Herr Valdemar, her er ein ny farskapssak.

[Snøgge skritt skunder seg oppetter vegen og opp dei tre trinna inn til Sjøfararen]

HERR VALDEMAR [Rop høgt]

Fort, Sinbad. Ein bokkøl. Og ingen egg i.

[Folk er i stendig rørsle, opp og ned etter vegen]

KAPTEIN KATTEN

Alle konene er ute no om morgonen, i sola. Du kjenner at da er vår. Dar er fru Ovesen, du høyrer da på labbinga hennar, bortetter labbar ho, frisk som tusenfryd. Kem er da som skvaldrar ved vasspumpa? Fru Gråten og Slask preiker om pale. Ka er da å seie om pale? Dar kjem fru Brødet Ein, valsar opp vegen som gele, kvar gong ho vrir seg er da svupp svupp svupp. Kem er da? Fru Egildsen med den svarte kjælekatta si, den følgjer ho overalt, mjau og greier. Dar kjem viktige fru Treogtjuge, sola står opp og går ned i dobbelthaka hennar, og når ho lukker auga sine er da natt. Høge hælar så tidlig om morgonen, da må vere fru Rosendal si eldste, Mai, sytten og ukyst, ho ho, ho renner mjølkespringande ung under vindauget mitt, på veg til enga og mjølkegeitene, og minner meg om heile vegen. Kan ikkje lenger høyra ka konene skvaldrar om rundt vasspumpa. Same som alltid. Kem skal ha ungar, kem ga kem ein blåveis, såg nokon Grynet Hoftekroken lufte magen sin, da skulle vore ein lov mot da, såg nokon den nye fiolette jumperen til fru Egildsen, da er hennar gamle grå som er farga, kem er daud, kem døyr, da er ein strålande dag, åh, prisen på såpe no for tida!

[Orgelmusikk i da fjerne]

Orgel Sorgel er tidlig på an. *Då* er da vår.

Og han høyrer klangen av mjølkespanna.

KAPTEIN KATTEN

Åge Mjølkemann er på runden sin. Eg vil seie da slik, mjølka hans er fersk som doggen. For halvparten er dogg. Peis på, Åge, og gjev bygda vatn.

Nokon kjem. No kan røystene rundt vasspumpa sjå at nokon kjem. Hysj, dar kviskrar nokon eit hysj. Du kan høyra da på hysjelevenet at Grynet Hoftekroken kjem. [Høgare] Morning, Grynet, kem er dar?

GRYNET HOFTEKROKEN [På veg bort]

Berre meg, venen.

KAPTEIN KATTEN

Da *er* Grynet Hoftekroken. [Lavt] Hallo Grynet, mi kjære.

Kan du høyra dei stumme, gåsehåse konene som klyngar seg og hakkar eller flakser og vraltar seg bak ryggen din? Kem tok deg i sine armar når? Kem av dei lystne mannfolka deira hikste i Mjølkeskogen i dei skamlaust moderlege armane dine og plukte deg som lus, mi kjære. Skrubb berre golvet på Grendahuset, du. For når Sanitetsforeninga held Maidansen i

kveld, får du ikkje vera med, for du er ikkje ei slik mor, berre dei andre mødrene i denne gifteringheilage dansekvelden får vrikke sine trillrunde rumper eller trippe med feite smørføter, medan valsande forsørgjarar og hulkar og sturar, bortførte som dei er frå den røykfylde hyggja på Sjøfararen.

[Ein hane gjel]

KAPTEIN KATTEN

For seint, hane, alt for seint,

2 for bygda er no halvt ferdig med morgonen. Morgonen surrar som myggen.

[Orgelmusikken forsvinn ut i bakgrunnen]

1 Dar er hestane sine klipp klopp på solblanke brusteinar langs dei summande

vegane, hamringa av hestesko, klukke kvekke og kakle, meisekvitter frå fulgefylte greinar, mekring i Krøterlia. Brødet bakar, grisar gryntar, slaktaren hugg, mjølkespanna ringer, kasseapparata klinger, sauane brekar, hundane gøyr, sagene syng. Å, Våren vrinskar og morgonen rautar frå dei kloggeklakkande gardane, måsane skrik og hyler på den båtvuggande sjøen og elva, og skjela bobler i fjøra, snipene spring over sanden, storspoven plystrar, kråkene krakrakar, duene kurrar, klokkene slår, oksen brøler, ståket støyar frå skuleplassen, samstundes som konene skraper og bablar i landhandelen hos fru Sorgel, kor alt er til sals: sennep, bøtter, henna, rottefeller, rekegarn, sukker, frimerke, konfetti, parafin, hakkar, fløyter.

FØRSTE KONA

Fru Onarheim-Rikardsen

ANDRE KONA

bla-bla-bla

FØRSTE KONA

har ein mann i Volda

TREDJE KONA

og han har ein kikkert i skreppa

ANDRE KONA

sa Postmann Måfå

TREDJE KONA

Hugsar de første mannen hennar? Han trengte ikkje kikkert

FØRSTE KONA

han stirte gjennom nøklehola medan dei tok av seg kleda

TREDJE KONA

og ropte Varsku-her

ANDRE KONA

men herr Onarheim var ein skikkeleg herremann

FØRSTE KONA

sjølv om han hengde hunden sin

TREDJE KONA

Har de sett fru Egildsen?

ANDRE KONA

Ho seier at slaktar Egildsen puttar hundar i kverna

FØRSTE KONA

gje deg, han tek ho berre ved nasen

TREDJE KONA

da vågar du ikkje seie til ho, kjære deg

ANDRE KONA

elles trur ho han tek nasen hennar og et han –

FJERDE KONA

Da finst ekle menneske her, når du tenkjer etter.

FØRSTE KONA

Sjå berre på Aslak Slask til dømes

ANDRE KONA

for lat til å tørke seg om munnen

TREDJE KONA

og drar på sjøen kvar ein dag og alt han nokon gong har kome att med var fru Samuelsen

FØRSTE KONA

ho hadde vore i vatnet ei veke

ANDRE KONA

Og sjå på Åge Mjølkemann si kone, som ingen nokon gong har sett

FØRSTE KONA

han har ho i benken attmed bosset

TREDJE KONA

og tenk på Audun Brødet med to kjerringar

ANDRE KONA

ei på dagtid og ei på nattetid

FJERDE KONA

Menn er beist i tøflar

TREDJE KONA

Og korleis er da med Orgel Sorgel, fru Sorgel

FØRSTE KONA

du ser heilt utslått ut

ANDRE KONA

da er berre orgel orgel all tida med han

TREDJE KONA

oppe til midnatt og spelar på orglet

FRU SORGEL

Å, eg er ein martyr for musikken.

Utanfor vårar sola strålane sine over den rumlande ramlande bygda. Ho spring gjennom hekkene på Stikkelsbærstien og knipsar på fuglane for å få dei til å synge. Våren piskar grønt gjennom Skjelstien og skjela ropar med. Ødanip denne morgonsnippen er villbær og varm, vegane, engene, strendene og alt vatn spring ut i ungsola.

2 Jens Dauding pressar hardt på kistebrystet sitt med svarte hanskar, i tilfelle hjartet

skulle springe ut.

JENS DAUING [Hardt]

Kor er æra di. Legg deg.

I Solfrid Egildsen, skulelærarinne, sveiver rundt våren som ein visp.

SOLFRID EGILDSEN [Tårefull]

Å, ka skal eg gjera? Eg vert *aldri* fin om eg skjelv.

I Petter Svarte denne sterke morgonen skummar våren i ein flamme, medan han vøler hælen på den eine skoen til splintekona Fru Brødet To, men hamrar den rasande sunder.

PETTER SVARTE [Til ein hamrande rytme]

Da finst *ingen* bein som passar foten som passar denne skoen.

I kaptein Katten skipar sola og grøne brisen sjøminner.

KAPTEIN KATTEN

Nei, *eg* tek ho, herregud, kem er kaptein her? Voulez-vous pule, Madame?

Medan ho ser ut over Ødanipåsen frå soverommet dar ho vart fødd, seier Mary Ann Sjøfarar særs lågt til seg sjølv,

MARY ANN SJØFARAR [Høgt]

Her i sola på mine gamle dagar er Våren komen til Ødanip, her i Da Utvalda Landet.

[Eit kor av barnerøyster syng brått ut i ein høg, glad, lang, sukkande tone]

1 I Postmannen Måfå sitt mørke og dampa heite fuktige kaffistenka dvergkjøkken

buldrar og hoppar dei kattekvesande kjelane bortetter, og fru Måfå dampar opp brevet frå herr Edvardsen til frøken Møyfrid Priis og les han

høgt for Postmann Måfå i eit mys av vårsola gjennom da eine attsprikra vindauget kor tårene renn, medan dei dampdrukne, vasstrekte hønene ved bakdøra sutrar og klynkar seg til myrsvart kaffigrut.

FRU MÅFÅ

Frå Stoffmagasinet, Ødanip. Innehavar: Herr Kattmar Edvardsen (tidl. på Hole), Tekstiler, Besetningsartiklar, Galanterivarar, Possement, Meisterskreddar, Kostumier. Utanlandsk Neglisje, Lingeri, Ettermiddagskjolar, Aftenkjoler, Brurekjolar, Dåpskjolar. Prêt-à-porter til alle Høve. Økonomiske Antrekk for Jordbrukarar vår Spesialitet. Heile Garderobar kjøpast. Blant våre nøgde Kundar finst Prestar og Domarar. Tilpassing etter Avtale. Annonserer kvar veke i Gula Tidend. Kjæraste mi Møyfrid Priis, mi Brud i Himmelen,

KATTMAR EDVARDSEN

eg elskar deg til dauden skil oss og då skal me vera saman for evig og alltid. Ei ny pakke med sløyfer har komen frå Arna i dag, i regnbogens alle fargar. Eg ønsker eg kunne knyte ei sløyfe i håret ditt ei kvit ei men da kan eg ikkje. I natt drøymde eg at du var dryppande våt og sat på fanget mitt medan sokneprest Jonsen kom ned vegen. Eg ser du har ei havfrue i fanget ditt sa han og lyfte på hatten. Han er ein god kristen. Ikkje som Kai Ovesen som sa eg skulle hive henne ut att i havet sa han. Forretningane går dårleg. Grynet Hoftekroken kjøpte strømpeband med roser på men ho har ikkje strømper og ka er poenget då seier eg. Herr Valdemar prøvde å selje meg ein brukt nattkjole for kvinner storleik ekstra ekstra stor han sa han hadde funne han og me veit alle kor. Eg selde ein pakke nåler til Båtsmann Tom for å pirke seg i tennene. Om dette fortset ender eg på fattighuset. Hjartet mitt er i brystet ditt og ditt i mitt. Gud vera med deg alltid Møyfrid Priis og halde deg vakker for meg i Hans Himmelske Slott. Eg må stanse no og alltid verte, Di for Æva, Kattmar Edvardsen.

FRU MÅFÅ

Og så ein liten helsing med gummistempel nedst. Handle hos Edvardsen!!!

Og Postmann Måfå, rumlar, gallopperar ut att i bakhagen, bak til vetlehuset med tre seter kalla Stortingen kor hønene græt, og ser i bråe Vårskinet,

2 fiskemåsar stupe mot kaien kor fiskarane spyttar og klargjer morgonen og augnar blanke fiskesjøen heilt ut kor havstilla voggar blått. Blanke og glitrande pengar, tobakk, sardin på boks, hatt med fjør, pølser, varme for vinteren som kjem, symje og sprette rike og sleipe glimte til og skape seg som fisk i kalde sjøvegar. Men fiskarane stirer på da mjølkemilda vatnet utan hakk og riper med blå late auge som om da blåste av svære kanoner og dragar og orkanar mot bygda deira.

FISKAREN

For mykje sjø for fisking i dag.

Og dei takkar Herren og for hell og lykke spyttar på ein måse, før dei moselangsame og fåmælte finn vegen oppetter bakken, vekk frå den stille stille sjøen, mot Sjøfararen, medan ungane

[Skuleklokka]

1 slår og trampar hardt og syng seg ut av skulehuset til gjørmeplassen utanfor.

Og kaptein Katten i vindauget sitt mumlar for seg sjølv orda i songen deira.

KAPTEIN KATTEN [Til rytmen av songen]

Gubben Finn og Kjerringa Ann

har eit barn i mjølkespann
Kjerringa Ann og Gubben Finn
Ho drar det ut og han skyv det inn
D'e min tur no sa Kjerringa Ann
Å draga han ut av mjølkespann
Gubben Finn sa turen er min
Eg gjev han ein fik og skyv han inn

Gubben Finn og Kjerringa Ann
har eit barn i mjølkespann
Barnet drar dei att og fram
Og alt det får er øl og dram
For Gubben Finn og Kjerringa Ann
syns da er godt for Finn og Ann
og best for barn i mjølkespann

[Pause]

2 Sfæranes harmoniar høyrest klårt over Mjølkeskogen. Da er «Vårbruset».

1 Ein songarlag syng på kyrkjegarden, glade, men dempa.

2 Grønsakene elskar med kvarandre over tenorane.

1 Og hundane gøyr seg blåe i andletet.

2 Fru Onarheim-Rikardssen harkar i eit pitelite lommetørkle og jagar solljoset med

flogesmekke, men ikkje ein gong ho kan drive ut Våren: frå ein skål veks ein kublom.

Fru Brødet ein og Fru Brødet To sit utanfor huset sitt i Krøterstien, ei mørk og ei plump bløme i snare, doggande sola. Fru Brødet To ser inn i krystallkula ho held hardt mot sine harde mørke lår i fanget på den skitne raude underkjolen sin.

FRU BRØDET TO

Gje meg blanke skillingar! Og da av hushaldspengane våre. Ååh.

FRU BRØDET EIN

Ka ser du, kjære?

FRU BRØDET TO

Eg ser ei dunseng. Med tre puter i. Og ei tavle over senga. Eg kan ikkje sjå ka som står dar, store skyer blæs over. Nei no blæs dei bort. Gud er kjærleik, står da.

FRU BRØDET EIN [Letta]

Da er senga vår.

FRU BRØDET TO

Og no er da borte att. Sola snurrar som ein basse. Kem kjem ut av sola? Dar er ein håra liten mann med store rosa leppar. Han skjelar utover.

FRU BRØDET EIN

Da er Audun, da er Audun Brødet!

FRU BRØDET TO

Hysj! Dunsenga flyt tilbake. Den vesle mannen tar av seg støvlane. Han dreg skjorta av seg over hovudet. Han slår seg på brystet med nevane. Han klatrar opp i senga.

FRU BRØDET EIN

Fortel meir, fortel meir.

FRU BRØDET TO

Da finst *to* koner i senga. Han ser på dei båe med hovudet på skakke. Han plystrar mellom tennene. No legg han dei små armane sine om den eine kvinna.

FRU BRØDET EIN

Kem av dei, kem av dei?

FRU BRØDET TO

Eg kan ikkje sjå meir. Dei store skyene blæs over igjen.

FRU BRØDET EIN

Æsj, dei fule gamle skyene!

[Pause. Barnesongen tonar ut]

1 Heile morgonen syng. Sokneprest Elias Jonsen, travel på sine morgonvisittar, stanser

utanfor Grendahuset for å høyra Grynet Hoftekroken synge medan ho skrubbar golvet for Sanitetsforeninga og Maidansen i kveld.

GRYNET HOFTEKROKEN [Syng]

Eg elskte han som heitte Per

Stor som ein bjørn og ein fin kavaler
Eg elskte han som heitte Pål
Han var høg som eit fjell og skein som stål
Og eg elskte ein mann som heitte Ask
Svær som ei tønne og søt som knask
Men han eg elskte alle dagar og netter
Litle Vetle Stub ligg seks fot nedetter.

Å, Per Pål og Ask var tre fine menn
Og aldri får eg slik kjærleik igjen
Men litle Vetle Stub heldt meg så kjærleg
Litle Vetle Stub er mannen for meg.

Når mannfolk jagar meg frå alle grender
Og rullar meg rundt med grådige hender
Og dei elskar meg slik dei helst vil gjere
Åsmund frå Åsen eller Simon på Skjeret
Tenkjer eg alltid på Per Pål og Ask
Høge og store menn eg fall for pladask
Men mest tenkjer eg når eg ligg i akta
På litle Vetle Stub daud nedi sjakta.

Å, Per Pål og Ask var tre fine menn
Og aldri får eg slik kjærleik igjen
Men litle Vetle Stub heldt meg så kjærleg
Litle Vetle Stub er mannen for meg.

SOKNEPREST ELIAS JONSEN

Pris Herren. Me er eit musikalsk folkeslag.

2 *Og sokneprest Jonsen skundar seg gjennom bygda for å vitje dei sjuke med snop og poesi.*

1 *Bygda er like fylt som turtelduas egg.*

HERR VALDEMAR

Dar går presten,

seier herr Valdemar ved dei innrøykte sildebrune vindauga i den uvaska kroa Sjøfararen,

med paraploksen

og poesien. Fyll 'an opp, Sinbad, eg har slik malthunger i dag.

2 *Dei fåmælte fiskarane skyl ned ølane sine.*

SINBAD

Å, herr Valdemar,

1 *sukkar Sinbad Sjøfarar,*

eg har slik hug til ho Solfrid Egildsen.

Kjærleik, syng Våren. Da sengefjøra graset sprett under fuglebryst og lam.

Og Solfrid Egildsen, skulelærarinne, rørt i og skjelvande, underviser slabbedaskarklassen sin

BARNERØYSTER

De bytter strå og sveljer knopp

Og sevja sig i treatopp

SOLFRID EGILDSEN

Nei, nei, nei, badna! Di må seie da rett.

Det brydder strå, det sveller knopp

Og sevja stig i trea opp

SINBAD

Å, herr Valdemar,

seier Sinbad Sjøfarar,

ho er ei dame frå topp til tå.

Og herr Valdemar som tenkjer på ei kone mjuk som Eva og hard som isjias og som kan dele grautsenga hans, svarer

HERR VALDEMAR

Ingen kone eg veit om er da.

SINBAD

Når berre bestemor døyr, då skal eg, kors på halsen, gå ned på knea, herr Valdemar, og eg skal seie, frøken Egildsen, skal eg seie

BARNERØYSTER

Ein dåm det vaknar søt og tung,

Å, sæle meg som er så ung…

2 Grynet Hoftekroken, framleis på knea, syng

GRYNET HOFTEKROKEN

Å, Per Pål og Ask var tre fine menn

Og aldri får eg

BARNERØYSTER

sæle meg som er så ung

GRYNET HOFTEKROKEN

slik kjærleik igjen.

1 Og skulen er over for no, og kaptein Katten sit attom gardina med kuauget open

mot Vårens soleflo, høyrer slabbedaskarbarna naseviser og rimar på vegen…

JENTERØYSTER

Elin rop på gutane

Dei er oppå nutane.

JENTE

Gutar, gutar, gutar

Kom kom til meg.

JENTERØYSTER

Gutar, gutar, gutar

Kyss Elin kor ho seier

Ell' gje ho ein skilling

Kom an, Elin.

JENTE

Kyss meg på Stikkelsbærstien

Ell' gje meg ein skilling.

Ka heiter du?

FØRSTE GUT

Tommy Størksen.

JENTE

Kyss meg på Stikkelsbærstien Tommy

Ell' gje meg ein skilling tjommi.

FØRSTE GUT

Elin Elin Elin

Eg kysser deg på stikkelsbærstien

Så eg slepp gje deg ein skilling.

JENTERØYSTER

Gutar, gutar, gutar

Kyss Elin kor ho seier

Ell' gje ho ein skilling

Kom an, Elin.

JENTE

Kyss meg på Stikkelsbærstien

Ell' gje meg ein skilling.

Ka heiter du?

ANDRE GUT

Arne Norål.

JENTE

Kyss meg på Stikkelsbærstien Arne Norål

Ell' gje meg ein skilling ditt rævhol.

ANDRE GUT

Elin Elin Elin

Eg kysser deg på Stikkelsbærstien

Så eg slepp gje deg ein skilling.

JENTERØYSTER

Gutar, gutar, gutar

Kyss Elin kor ho seier

Ell' gje ho ein skilling.

Kom an, Elin.

JENTE

Kyss meg i Mjølkeskogen

Ell' gje meg ein skilling.

Ka heiter du?

TREDJE GUT

Mikkel.

JENTE

Kyss meg i Mjølkeskogen Mikkel

Ell' gje meg ein skilling ditt sikkel.

TREDJE GUT

Elin Elin Elin

eg kan'kje kysse deg i Mjølkeskogen.

JENTERØYSTER

Elin Elin Elin, koffor da?

JENTE

Koffor?

TREDJE GUT

For mor mi seier eg ikkje får.

JENTERØYSTER

Feige feige tulling

Gje no Elin ein skilling.

JENTE

Gje meg ein skilling.

TREDJE GUT

Eg ha'kkje ein ting.

JENTERØYSTER

Riv han i øyra

Kast han i elva

Ta han bank han Mikkel sikkel

Ris han med rabarbrastilken

Hoi!

Hysj!

Og dei skingrande jentene kniser og herskar og kvin dar dei trengjer seg om han og riv i han, og han hulkar nedetter bakken med dei lappa buksene sine om beina og da tårevåte raudna andletet brenn heile vegen og dei triumferande kråkelike systrene hyler med knappar i klørne og bøllebrørne roper etter han da vesle kallenamnet hans og morsskammen og farshoreriet med dei lause ville berrføtte konene i dei skjulte krokane i skogen. Og alt dette skjer heilt utan grunn, og kor han hyler etter mjølkemor si, kavring og kefir og angen av mor og lefser og den feite fødselsdunstande senga og da måneljosa kjøkkenet i armane hennar, skal han aldri gløyme noko av dette medan han ror blindt heim mot den tårefylte enda av verda. Plageandene hans kranglar og spring til sukkertøysbutikken i Strandvegen med honningklisne pengar, for å handle hos frøken Møyfrid Priis, som skitviktig og skikkeleg som ein oppblåst

dompap og dei små runde rumpeballane hennar stramme som flåtten, sel drops svære som svulstar som regnbognar når du sug på dei, konjakkuler, seigmenner, hundrede og tusenar, lakris søte som oppkast, karamellar til å trekkje i og dra ut som brune gummitunger, tyggegummi til å feste i håret på jentene, blodraude hostepastillar til å hoste blod med, iskremkjeks, appelsinbrus, pærebrus og ingefærøl, og svupp forsvinn slabbedaskarane og stormen.

2 Solfrid Egildsen høghælar ut av skulen. Sola surrar gjennom blomane på kjolen

hennar og inn i hjarteklokka og honningen hennar, legg seg dar og kyssar dei raudbæra brysta hennar, kjærleiksdoven og rusa. Auga renn i lauvknoppane og alle vindauga bortetter vegen og anger «Solfrid» og kler av henne heilt inn til blomane og biene. Ho fer naken forbi Sjøfararen som den einaste kvinna i den heile vide adamsverda. Sinbad Sjøfarar legg sine audmjuke bukkehender på dei doggfriske hoftene hennar, slik dei må ha vore første gongen i den karsleg hanegalne paradishagen.

SOLFRID EGILDSEN

Eg bryr meg ikkje om han er altfor vanleg,

kviskrar ho til sitt evigunge djupe sjølv,

eg vil berre svelgje han heil

eg bryr meg *ikkje* om at han sluker orda,

seier ho til den nakne verdsmora og den storbrysta og evahoftelege våren djupt i sitt eige sjølv,

om han berre har

svans og hovar.

Sinbad Sjøfarar ser ho går forbi, sjenert og stolt og skulefrøken i hennar friske blomekjole og solnektande hatt, aldri kikkar nynnar eller vrikkar mot han, slaktaren si isjomfrudotter er alltid frosen og duld for dei svoltne omfamningane i auga hans.

SINBAD SJØFARAR

Å, Solfrid Egildsen, koffor er du så stolt?

Han klagar til ølkruset.

Å, vakre vene Solfrid, eg ønsker eg ønsker du kunne vere for meg. Eg ønsker du ikkje hadde gått så mykje på skule.

Ho kjenner geiteskjegget hans kitlar ho i midten av verda som ein busk av stive eldtunger og ho vender seg med skrekkblanda fryd bort frå skjegget hans, sveipt i flammer, og set seg i kjøkkenet til ein rikeleg fylt tallerken med stekte poteter og nyrer.

1 Oppe i mørke spisestova på Skulehuset er rullegardina nedtrekte, støv og

atterklang som ei spisestove i ei borg, herr og fru Hugen i tagnad over den kalde, grå lapskausen. Herr Hugen les, medan han gaflar i seg antakelege kjøtbitar, i "Berømte Giftmorderes Liv". Han har bunde gråpapir om boka. Mellom munnfullane kastar han vaktsame blikk mot fru Hugen, forgifter ho med da vonde auget sitt, før han les vidare og smiler løyndomsfullt.

FRU HUGEN

Folk med gode manerar les ikkje ved bordet,

seier fru Hugen. Ho svelgjer ein fordøyingstablett stor som ein hestepille og skyl den ned med vatn mudra med ertesuppe.

[Pause]

Nokre folk vaks opp i grisebingar.

HERR HUGEN

Griser les ikkje ved bordet, kjære.

Ho knipsar bitterleg støv av den øydelagde karaffelen, og legg seg på lapskausen som eit regn av knott.

Griser kan ikkje lese, kjære.

FRU HUGEN

Eg veit om ein som kan.

Åleine i da putrande laboratoriet i lengten sin, lar herr Hugen vondskapen drype og renne ned i flakongar og flasker, trippar rundt risa av mordariske plantar medan lidinga dansar i smeltedigelen, og miksar og triksar for fru Hugen ein særeigen giftig graut, heilt ukjent for toksikologane, som skal skålde og sno seg gjennom ho, til øyra fell av som mogne eple, og tærne hennar veks seg svarte og store som ballongar, og dampen kjem hylande ut navla hennar.

HERR HUGEN

Du veit best, mi kjære,

seier herr Hugen og druknar ho som eit olja lyn i ei rottesuppe.

FRU HUGEN

Ka er da for ei bok du les i, Hugen.

HERR HUGEN

Da er eit teologisk verk, mi kjære, "Berømte helgeners liv".

Fru Hugen smiler. Istappar skipar seg i den kalde stova.

FRU HUGEN

Eg såg du snakte med ein helgen i dag tidleg. Heilage Grynet Hoftekroken. Martyr. Gjennombora i Mjølkeskogen. Fru Sorgel såg ho med herr Valdemar.

FRU SORGEL

Og då dei såg meg, lét dei som om dei såg etter reir,

2 sa fru Sorgel til mannen sin med munnen full av fisk som ein måse.

Men du driv ikkje med eggsanking i lange underbukser, sa eg til meg sjølv, slike som herr Valdemar hadde på, eller med kjolen mest over hovudet som Grynet Hoftekroken. Å nei dei lurer ikkje meg.

Eit stort fuglegulp og fangsten fór ned halsen. Ho slikkar seg om munnen og gaper vidare.

Og når du tenkjer på alle dei ungane ho har, då er alt eg kan seie at ho bør ikkje sjå etter fleire reir, da er ikkje den rette hobbyen for ei som ikkje ein gong kan si Nei til puslingar. Hugsar du Tom Spytte? Han var ikkje meir enn eit spedbarn sjølv og endåtil gav han ho to. Men da er fine gutar, da skal ho ha, Fredrik og Artur Spytte. Somme gongar liker eg Fredrik best og somme gongar liker eg Artur best. Kem liker du best, Orgel?

ORGEL SORGEL

Å, Bach utan tvil. Da er Bach kvar ein dag for meg.

FRU SORGEL

Å, Orgel Sorgel, du har ikkje høyrt eitt ord av da eg har sagt deg. Da er berre orgel med deg…

1 *Ho bryt ut i gråt og mellom dei salte hyla hennar gaflar ho seg nye bitar og måsar dei heile.*

ORGEL SORGEL

Og så Palestrina sjølvsagt,

2 seier Orgel Sorgel.

1 Mester Bymand er i rommet sitt fylt av tid, huker seg åleine over hundefatet sitt,

merka Fido, med nokre fiskeliknande skuler med peppar på, medan han lyttar til røystene av dei sekstiseks klokkene sine – (ei for kvart år i den galne alderen sin) – og ser kjærleiksfull på dei månerunde svartkvite munndryge andleta tikk-takke verda av garde: sakte klokker, snare klokker, pendlande hjarteslag, porselen, timeslag, bestefar, gauk; klokker forma som Noas virrande ark, klokker som kranglar i marmorskip, klokker i livmora til glaskoner, timeglas, klokkespel, klokker som høyrest ut som ugler, klokker som speler melodiar, vesuviusklokker varslar svarte pling og lava, tikkinga fossar fram frå niagaraklokker, gamle nostalgiske klokker med ibenholtbartar, klokker utan visere som for all tid trommar ut tida utan å vite ka tida er. Hans sekstiseks songarar er alle skrudde til alle slags tider. Mester Bymand er i heim og liv kringsett av fiendar. Kvart eit sekund no, eller ein mørk dag, skal ukjende ville overfallsmenn røve og herje nedetter åsen, men dei skal aldri finne han slumrande. Sekstiseks ulike tider i da fiskegørra rommet hans slår, pling, kling og tikker.

2 At da syd og syng og skummar og smaragdgrøne brisar blæs fuglelovsongar og at

Våren står dar med brysta sprengfulle av maimjølk, gjev ingen meining til meisteren, dar han gneg på fiskehovud, anna enn atter ei kjensle av Siste Svarte Dagen og hærstyrkane og hærskipa som skal svi av og reinske opp heile Armageddonåsen fram til hans dobbeltlåste forfalne tikk-takkande nedstøvte skjul nedst i bakken nedanfor denne bygda som er så hals over klokke forelska.

GRYNET HOFTEKROKEN

Og eg skal nok aldri meir sjå att slike,

nynnar Grynet grant og lengtar.

GRYNET HOFTEKROKEN [Syng]

No kjem gutane frå fjell og vik med latter og låte,
No kjem gutane frå fjell og vik så fulle og kåte,
Før sola fell ned i natta ligg eg nedst i senga
med gode tverre gutar frå mørke einsemda –

Men kvar gong eg ligg med dei eg til senga baud,
tenkjer eg på litle Vetle Stub som er daud, daud, daud…

[Ein lang tagnad]

1 Den solrike sakte slumrande ettermiddagen gjespar og drøymer overalt i den

svevndrukne bygda. Sjøen gjer ingenting, berre ligg og dreg seg med alle dei svevnige fiskane i fanget sitt. Enga er roleg som sundag, dei fastgjorde oksane let att auga, geite-og-tusenfryd-liene kviler glade og late. Den stumme andedammen blundar. Skyene sig og vert til puter på Ødanipåsen. Grisene gryntar i grisebingen, og smiler medan dei snøftar og drøymer. Dei drøymer om nøtteskuler frå all verda og frukt i grisetroa, om pipespenane på morsugga, trengsla rundt og snusinga etter eit jajaja frå brunstige grisekoner. Dei gjørmeslåst og tryner i den grisegode sola; halane deira krøllar seg; dei ruggar og slevjar og snorkar i den djupe tilfredse svevnen etter all etinga. Krøteret døser englelike på Krøteråsen.

FRU HUGEN

Folk med manerar,

2 bit fru kalde Hugen til,

duppar ikkje ved bordet.

1 Herr Hugen kryp saman, vaknar. Har tar på seg eit såpemjukt smil; da er berre trist og

grått under hans nikotin-eggegule kvalrossviktorianske hengebartar, tjukke og lange til minne om giftmordaren doktor Crippen.

Du burde vente til du dreg deg attende til bingen din,

2 seier fru Hugen, søt som ein barberkniv. Da tarveleg smiskande småsmilet hans

stivnar. Lur og stille revelistar han seg inn att i laboratoriehiet sitt, med eit fres inn i ein blåsyresirkel av kjelar og flasker fylt til kanten med kolera og svartedauden, og koker sporenstreks opp ein frikassé av belladonnaurt, nikotin, heite froskar, syrer og flaggermusspytt til hans heklande, eldraka rakrygga sengefelle, spik spenna galne hustru, trollheks og hespetre.

HERR HUGEN

Eg ber så mykje om orsak, mi kjære,

mumlar han sleiskt.

1 Kaptein Katten, med vindauget vidopen mot sola og klippersjøen han seilte på for

lenge sidan då auga hans var klare og blå, slumrar og reiser, voggande og øyreringa, tatovert på magen Eg Elskar Deg Rosa Robertsen, bråkar handfast med knuste flasker i røykeim og babbel i hamnebarane, streifar i kring med ein flokk av stutte og gode tider i kvar einaste fuktige, farlege hamn, og surrar og supar med drukna og grovbrysta daudingar. Han græt medan han seilar og drøymar, og tårene strøymar ned purpurnasen hans.

2 Ei røyst er kjærast blant alle dei han hugsar når draumane hans bøtter ned. Rosa,

lat og ung, med da store, strågule håret, ho som han delte med Tom-Fred donkeymann og mange andre sjømenn, ho som snakkar klart og nært til han, frå soverommet i hennar støv. I denne trygge hamna har fleire dusin skip ankra opp for eit stykke himmel i natt; men ho snakkar til Kaptein slumrande Katten åleine. Fru Robertsen, frå

ROSA ROBERTSEN

oppi Gåsegangen, kjekkas. Kvekk to gongar og spør etter Rosa-

er den einaste kjærleiken hans, i eit sjøliv sildetett med damer.

FRU ROBERTSEN [Varleg]

Ka for sjøar såg du,
Ville Katten, Ville Katten,
I dine seilande dagar,
For lenge, lenge sidan?
Ka sjøbeist fanst i
Da bølgjande grøne
Då du var min meister?

KAPTEIN KATTEN

Eg skal seie deg sanninga.
Sjøar gneldrar som selar,
Blå sjøar og grøne,
Sjøar dekt av ålar
Og havmenn og kvalar.

ROSA ROBERTSEN

Ka for sjøar seila du då,
Gamle kvalfangar,
På dei spekka bølgjene
Frå Sørishavet til Nordsjøen,
Då du var min båtsmann?

KAPTEIN KATTEN

Så sant som eg er her kjære
Du tøyta til Katten
Du landkrabben Rosa
Du varme kjæraste
Mi enklaste greiaste
Mi sannaste søtaste
Sjøar grøne som bøner
Sjøar glidande med svanar
mot den segløya månen.

ROSA ROBERTSEN

Ka for sjøar gyngte
Min vesle dekksgut
Min beste husbond
Med din hunger og dine sjøstøvlar
Min raring og fiskar
Min honning og elskar
Min vakre rike sjømann
Med namnet mitt på magen din
Då du var ein gut
For lenge lenge sidan?

KAPTEIN KATTEN

Eg skal aldri lyge til deg.
Den einaste sjøen eg har brote

Var den huskande brottsjøen du rei på.
Legg deg, ligg roleg.
Lat meg forlise mellom låra dine.

ROSA ROBERTSEN

Bank to gongar, kjekkas,
På døra til grava mi
Og spør etter Rosa.

KAPTEIN KATTEN

Rosa Robertsen.

ROSA ROBERTSEN

Hugs ho.
Ho gløymer.
Verda som fylte munnen hennar
Forsvinn frå ho.
Hugs meg.
Eg har gløymt deg.
Eg går inn til mørkret i mørkret for all tid.
Eg har gløymt at eg nokon gong vart fødd.

BARN

Sjå,

1 seier barnet til mora då dei passerer Skonnerthuset,

kaptein Katten græt.

Kaptein Katten græt,

KAPTEIN KATTEN

kom attende, kom attende,

i tagnaden og atterklangen langs krokvegane i natteæva.

BARN

Han græt over heile nasen,

seier barnet. Mor og barn går vidare ned vegen.

Nasen hans liknar eit jordbær,

seier barnet; og så har ho gløymt han, ho òg. Ho ser Aslak Slask fiske frå Zanzibar midt ute på den blåblanke stille vika.

Aslak Slask ga meg tre tiøringar hin dagen, men eg ville ikkje,

fortel ho mor si.

2 Aslak får eit kvalbeinskorsett på kroken. Da er alt han har fått heile denne dagen.

ASLAK SLASK

Faen til spøkjefisk!

Fru Brødet To splintrar langsamt sinnet hans, ho har berre nokre armband på seg.

Ho er i nattøyet sitt.

[Bedande] Vil du ha dette fine våte korsettet, Fru Brødet To?

FRU BRØDET TO

Nei, da vil eg *ikkje*!

ASLAK SLASK

Eller ein bit av eplet mitt?

byr han ho vonlaus.

1 Ho ristar på messingnattøyet sitt og Aslak Slask rister ho ut av tankane sine; og når

han kjem brusande attende, ser dei blodskotne auga hans ei geishajente bukke og smile til han i ein kimono av rispapir.

Eg ønsker å vera betre enn ein slask, men ingen gjer meg lov,

sukkar han, samstundes som ho høfleg snor seg. Landet falnar, sjøen trekkjer seg stille unna; i dei varme kvite skyene ligg han silkefin, medan klingande uroleg, austleg musikk kler av han i ein japansk augeblink.

2 Ettermiddagen summar som late bier rundt blomane rundt Mai Rosendal. Mest

sovna i enga, med dei drøvande geitene om seg og dei vennlege rumpene som helser sola, blæs ho kjærleiken av løvetenner.

MAI ROSENDAL [Dovent]

Han elskar meg
Han elskar meg ikkje
Han elskar meg
Han elskar meg ikkje
Han *elskar* meg! – gamle kåte tåpen.

Dovent ligg ho i kløver og søtt gras, sytten og aldri vore søt i graset, ho ho ho.

1 Sokneprest Elias Jonsen, blekkfull i den kjølige framstova eller diktarstova, fortel

berre sanninga i sitt Livsverk, Ødanipsoga: Folk i alle tal, Viktige industriar, Sjøfart, Historie, Topografi, Flora og Fauna frå Bygda han forkynner i. Portrett av kjente skaldar og prestar heng over han, fura og vêrbitne, tunge som sauer, ved sidan av falna dameakvarellar av bleikgrøne Mjølkeskogen, lik døyande kålblad. Mor hans lid i innfatninga, lutar mot ein palmeplante, med ei midje som ein giftering og ein barm som eit stovebord.

SOKNEPREST ELIAS JONSEN

Å, englar, ver varsame med knivane og gaflane dykkar,

ber han. Da finst ingen kjent likskap med hans far Esau, som vart prestekragelaus grunna ein liten veikskap, og som ein gong til onna, ved eit mistak vart hugga til beinet med ein ljå, då han søv i åkeren saman med veikskapen sin. Han mista alle ambisjonar, og døydde med ein fot.

Stakkars far,

2 sørgjer sokneprest Elias,

tenk å døy av drykk og gardsbruk.

Gardbrukar Mormonar på Saltsjøgarden hatar krøteret sitt og kallar dei til mjølking.

VEMUND MORMONAR [Rasande]

Steikje ta, pokkers fe!

Ei ku kysser han.

Tygg ho i stykkar, bikkjefaen

ropar han til den dauve bikkja si, som smiler og slikkar handa hans.

Mos han, Dagros, sett deg på han!

ropar han opphissa til kua som rispa han med tunga si, ho rautar nokre vennlege ord, medan han ravar og dansar mellom dei sumarangande slavane hans, dar dei vandrar med lette steg attende til garden. Vårdagen speglar si ende i tjørna i dei store auga deira. Lisbet Storhove helsar med dei same namna ho ga dei som kalvar:

LISBET STORHOVE

Stjerna, Blidkoll, Rauslin, Dokka,
Fjellros i frå fjellet,
Litago og Dagros.

Dei bøyer hovuda.

1 Slå opp Lisbet Storhove i Ødanipsoga, og du vil finne nokre få nedslitne filler og

ein enkel glitrande tråd av lagnaden hennar, bretta ut på sidene i soga med like stor kjærleik og omsut som ein hårlokk av den første, tapte kjærleiken. Avla i Mjølkeskogen, født i ei låve, sveipt i papir, forlate på ein dørstokk, med stort hove og bass i røysta voks ho opp i mørkret, heilt til den no for lengst daude Olav Adelhorn kyssa ho då ho ikkje såg seg for, fordi han vart våga til da. Her i ljoset skal ho arbeide, synge, mjølke, gje kyrne søte namn og så sove, inntil natta syg ut sjela hennar og spyttar ho mot himmelen. I hennar livslange kjærleiksljos, mjølkar heilaglege Lisbet dei gode, tjørnauga kyrne, medan skumringa fell varleg over bås og sjø og bygd. Vemund Mormonar bannar over gardstunet i vogna si.

VEMUND MORMONAR

Spring då, ditt skaberakk! –

og den store hesten vrinskar mjukt, som hadde han fått ein sukkerbit.

No er bygda skumring. Kvar ein stein, krøter, stikkelsbær og stiar er ei skumrande ferdselsåre; skumring og seremonielt skimmer, natta sine første, mørke flok og fuglesvevn driv ned og gjennom den levande skumringa her i kjærleiksstaden. Ødanip er skumringa si hovudstad.

Fru Onarheim-Rikardsen, ved første syn av skumrefallet, lukkar alle dørene i Havly, trekkjer ned dei bakteriefrie rullegardina og set seg erigert som ein tørr draum på ein høgrygga, hygienisk stol og vil seg ein kort, kald svevn. På ein gong, på to gongar, herr Onarheim og herr Rikardsen, som heile daude dagen har sladra som skrømt i skjulet og kjærleikslaust planlagt å knuse glasenka deira, smyg og syter dei motvillig inn i da reine huset hennar.

HERR RIKARDSEN

Du først, Onarheim.

HERR ONARHEIM

Etter deg, Rikardsen.

HERR RIKARDSEN

Nei, nei, nei, Onarheim. Du enka ho først.

Og gjennom nøkleholet, fylte av tårer kor auga ein gong var, buldrar og siv dei inn.

FRU ONARHEIM-RIKARDSEN

Husbondar,

seier ho i svevnen. Da finst ein giftig kjærleik i røysta hennar for ein av dei to halvrotne skrømta. Herr Onarheim voner da ikkje for han. Same gjer herr Rikardsen.

Eg elskar dykk, begge to.

HERR ONARHEIM [skrekkslegen]

Å, fru Onarheim.

HERR RIKARDSEN [skrekkslegen]

Å, fru Rikardsen.

FRU ONARHEIM-RIKARDSEN

Snart er da sengetid. Sei meg oppgåvene dykkar, i rett rekkjefølgje.

HERR ONARHEIM OG HERR RIKARDSEN

Me må ta på oss pysjamasane våre frå skuffa merka pysjamas.

FRU ONARHEIM-RIKARDSEN [Kjølig]

Og så må de ta dei av.

2 Framleis i kløverenga ved den skumrande bygda, ligg Mai Rosendal og lyttar til

geitenes drøvtygging, teiknar sirklar rundt brystvortene sine med leppestiften.

MAI ROSENDAL

Eg er laussleppt. Eg er ein syndig lott. Gud skal slå meg ned. Eg er sytten år. Eg skal ende i helvete,

fortel ho geitene.

Berre vent. Eg skal synde til eg sprekk!

Ho ligg utstrakt og ventar at da verste skal skje; geitene tyggar og flirer.

1 På dørstokken i prestegarden resiterer sokneprest Elias Jonsen sitt solefallsdikt for Ødanipåsen.

SOKNEPREST ELIAS JONSEN

Kvar morgon eg vaknar, Gud,
Ber eg Deg i himmelskrud
At Du held eit vennleg auge
På oss som er født til daude.

Ja, kvar ein kveld ved soleglad,
Ber eg om signing til vår stad,
For om vi søv eller går frå i natt
Er vel berre ein slags ditt eller datt.

Me er korkje vonde eller gode,
Og veit eg Du vil heller skode
Godlyndt mot våre betre sider
Enn trega deg på dårlege tider.

Å, gjev oss i morgon dagen att!
Og Gud, sign oss alle no i natt,
Kvar dag får me ljos å feire,
Men nett no er da ikkje meire.

Petter Svarte gjer seg klar til atter ein gong å møte sin satan i skogen. Han filer nattetenna sine, lukkar auga, åler seg inn i sine religiøse bukser, gylfen sydd att med skomakartråd, og trampar ut, lommelyktande og bibla, styggeleg og gladeleg inn i den allereie syndaskumringa.

PETTER SVARTE

Av stad til Gomorra!

2 Og Linn Vetlesen er klaskeklar for Aslak Slask i eldhuset.

1 Kai Ovesen, edru som ein sundag, som han er kvar einaste dag i veka, strener av

garde lukkeleg som ein laurdag for å verte full som ein alke, som han er kvar einaste kveld i veka.

KAI OVESEN

Eg plar seie at ho har to husbondar,

seier Kai Ovesen,

ein full

og ein edru.

Og fru Ovesen seier berre

FRU KAI OVESEN

Er ikkje eg ei heldig kone? For eg elskar dei begge.

SINBAD

Gokveld, Kai.

KAI OVESEN

Kveld, Sinbad.

SINBAD

Ka skal du ha?

KAI OVESEN

For mykje.

SINBAD

Sjøfararen er alltid open,

Sinbad lir for seg sjølv, med knust hjarte,

Å, Solfrid,

opne ditt!

Skumringa har drukna for alltid fram til i morgon. På ein gong kom natta. Den vindfulle bygda er ein bakke av vindauge, og skinande lampar i vindauga kallar attende dagen og dei daude som flykta til sjøs i dei piska bølgjene. Over heile da ropande mørkret, vert ungar og gubbar lurte og lulla til sengs.

FØRSTE KONA SI RØYST

Byssa byssa badne,
mor ho nystar gadne…

ANDRE KONA SI RØYST

Byssa byssa gubbe,
Vinden skal deg rugge,
Sengebaugen bryt mot havet
Gubben er ute og fartar
I kavet med kvite bartar.

Eller døtrene deira breier over dei gamle, svevnlause mennene som over fuglebur, og i deira vesle mørke kroker av da opplyste og tumlande

ungdommelege kjøkkenet, stirer dei stivt ut i natta med dei små våte auga sine, i fall dauden skulle kome i svevnen.

2 Ugifte jenter, åleine i deira private brurekammer, pudrar og krøllar seg for

Maidansen.

[Eit trekkspel spelar lågt]

Dei gjer seg til framfor spegelsjået, utilnærmelege, dei finn eit kom-hit-då-vel-andlet til dei unge mennene utanfor på dei lampelyste hjørna langs vegane, som ventar i vindane på dei med hyl og stormkast.

[Trekkspelet spelar høgare og lågare og hald fram lågt]

1 Drikkarane på Sjøfararen skåler for dansen sitt nederlag.

FØRSTE DRIKKAR

Ned med valsinga og hoppinga.

ANDRE DRIKKAR

Dansing er ikkje naturleg,

seier Kai Ovesen rettferdsharm, han som just har bøtta inn sytten tynne, lunke, bitre øl.

2 Ei gardslampe blinkar, ein gnist på åssida.

1 Ødanipåsen, skriv sokneprest Elias Jonsen i diktarstova si, denne mytiske

gravhaugen, er minna av menneska i landskapet, av skaldar og volver som gifta seg med kvarandre og bygda kor nornene spann kjærleikens blomekransar.

[Trekkspelet spelar ut]

2 *Herr Valdemar syng frå sitt hjørne av Sjøfararen,:*

HERR VALDEMAR

I Bergen by då eg var ung
Eg budde uti vika
Dar tente eg til fattigdom
For tjuge øre pipa.

Ja, tjuge øre, eg fekk'kje meir
For feiarslit av Meistar rik
Og alt eg fekk i Jesu namn
var karsefrø og billig sprit.

Eg trengte ikkje dekkety
og tende ljos og duk
Eg gjorde meg eit måltid
Av sprit og spire for mitt sluk.

Kan du tru at gutar gror
På den slags drykk og åt
Av skuler utan kjøt og bein
Og sprit som ber om gråt.

Eg sveipte kvar ei pipe ut
Og gråt i kvar ei gate

Ein fattig berrføtt framandgut
Gav enka vondt i hjartet.

Ho sa, stakkar du med feiarstav
Du er like svart som natta
Sidan min mann gjekk i grav
er pipa mi ikkje glatta.

Kom og sveip mi pipe rein
Kom og sveip mi pipe rein
Sukka ho raud og mjuk
Kom og sveip mi pipe rein
Kom og sveip mi pipe rein
Ta staven din og sveip meg rein!

1 Blinde kaptein Katten tørnar inn. Som alle kattar ser han i mørkret. I tåreferda

si seilar han av garde for å treffe att dei daude.

KAPTEIN KATTEN

Danse-Vilhelm!

FØRSTE DRUKNA

Dansar framleis.

KAPTEIN KATTEN

Jonas Jervell

JONAS JERVELL (TREDJE DRUKNA)

Framleis.

Skalla til Krølle Evensen.

ROSA ROBERTSEN

Rosa, gudskjelov. Ho har gløymt å døy.

Dei daude kjem fram i sundagskleda sine.

2 Høyr natta gryr.

1 Orgel Sorgel går til kyrkja for på spele orgelet. Han spelar åleine om natta som

kem som helst kan høyra på: elskarar, fråtsarar, fåmælte daudingar, splintar eller sauar. Han ser Bach liggje på ein gravstein.

ORGEL SORGEL

Johann Sebastian!

KAI OVESEN [Full]

Kem?

ORGEL SORGEL

Johann Sebastian heilage Bach. Å, Bach, far.

KAI OVESEN

Faen ta deg,

seier Kai Ovesen, som låg og kvilte seg på ein gravstein på heimvegen.

1 Herr Kattmar Edvardsen og frøken Møyfrid Priis, lukkeleg skilte frå kvarandre

på toppen og botnen av bygda, skriv deira kvarkveldslege brev fylt med kjærleik og attrå. I varme Ødanipsoga finn du små kart over dei nøgde holmane deira.

MØYFRID YRSTAD

Å, mi Kattmar, eg er di for all tid.

Og ho ser seg rundt med glede på hennar eige aldri keisame rom, som herr Kattmar Edvardsen aldri får kome inn i.

KATTMAR EDVARDSEN

Kom i mine armar, mi Møyfrid.

Og han klemmar dei kjæraste pengane sine mot sitt eige hjarte.

Og herr Valdemar, full i Mjølkeskogen, klemmar si kjære Grynet Hoftekroken under dei vaktsame auga og smattande tungane til grannane og fuglane, og han bryr seg ikkje. Han smaker livnad på raude lepper.

Men da er ikkje hans namn Grynet kviskrar dar ho ligg under eika og elskar han attende. Seks fot djupt syng namnet i kalde molda.

GRYNET HOFTEKROKEN [Syng]

Men kvar gong når eg ligg med dei eg til akta baud
tenkjer eg på litle Vetle Stub som er daud, daud, daud.

Den tynne natta mørknar til. Brisen over sjøfurene sukkar gjennom vegane under den mjølkevakne skogen. Skogen, som treføtene kløyvde til glade, svarte openberringar for kjærleiksjegerane, som er ein Guds

skipnad, ein hage, for Mary Ann Sjøfarar, som veit at Himmelen finst på jord og at da utvalda folket av Hans slag skin i Ødaniplandet, som for dagsljose gardbrukarar vert ei nattemørk, løynleg og omsynslaus bruresengskyrkje, som for soknеprest Elias Jonsen er ei grønspora preike over menneska si uskuld, og denne brått vindskaka skogen vår vaknar for andre mørke gongen denne eine Vårdagen.